

Leder

Sjukepleiarutdanninga under debatt

Sjukepleiarutdanninga er under debatt. I *Sykepleien* nr 4 2011 var utdanninga på nytt tema. For dårleg praksis, for tilfeldig veiledning og for dårleg kontroll er nokre av problemstillingane som vart reiste. Forbundsleiar i Norsk Sykepleierforbund, Lisbeth Normann, er oppteken av at utdanningane må gi studentane ein god sjukepleiefagleg identitet. Tidlegare leiar i NSF Student Tone Moan etterlyser betre integrasjon mellom teori og praksis og at utdanninga må framstå som meir heilskapleg. Det blir også arbeidd med ei ny stortingsmelding om helse- og sosialfaga som vil kome i haust. Departementa er opptekne av at sjukepleiarutdanninga må kvalifisere for framtida sine utfordringar. Talet på personar over 80 år kan auke frå 190 000 i 2000 til nesten 320 000 i 2030 i fylgje SSB si befolkningsframskriving. Og mange eldre har samansette lidingar og er kritisk sjuke. Eit nytt lovverk gir auka ansvar til kommunane. Avansert medisinsk behandling og sjukepleie vil i framtida i auka grad skje utanfor spesialisthelsetenesta. *St.meld nr. 47 Samhandlingsreformen* (2008 – 2009) peikar på at det må leggest vekt på å utdanne helsepersonell som er tilpassa dei framtidige kommunale oppgåvene. Og pasientforløp bør vere ein grunnleggande premiss i utdanningane.

Det er ikkje berre i Norge at utdanninga blir diskutert. I 2010 kom boka *Educating nurses. A Call for Radical Transformation* med Patricia Benner som hovudforfattar. Det blir peika på eit gap mellom sjukepleiarutdanninga og praksis og behovet for radikale endringar i utdanninga. I følgje Benner et al. blir det gjennomført for mykje ”abstrakt” klasseromsundervising der ein siktar mot å dekke ein overfylt læreplan. Læreplanane er for fragmenterte og studentane blir overlatne til seg sjølve i arbeidet med å integrere dei ulike ”kursar” for å utvikle sjukepleiekompetanse. Klinisk praksis medfører ”powerful learning” særleg når det skjer integrasjon mellom teori og praksis. Benner et al. peikar på at utdanning ikkje kan førebu studentane fullstendig til kompleksiteten i praksissituasjonane med dei raske endringane som skjer i teknologi og sjukepleiekunnskap. Men, utdanninga kan førebu studentane til å integrere, kunnskapar ferdigheiter og etisk kompetanse og til å halde fram med sjølvstendig læring på eit høgt utvikla nivå.

Når sjukepleiarutdanninga blir diskutert, manglar ofte forståinga av utdanninga som del av ein helse-, utdanningspolitisk og historiske kontekst. Debattane er gjerne prega av ei forenkla forståing av læring/danning, som gjerne munnar ut i forslag om enkle tiltak for bøte på problem i helsevesenet, meir praksis, meir samhandling, meir medisinske fag, meir geriatri, osv. Og til grunn for desse forslaga ligg gjerne ei lineær tenking om at ei handling fører til eit bestemt resultat. Slik fungerer det diverre ikkje. Sjukepleiarutdanninga er ingen pølsefabrikk der ein kan heve kvalitet ved berre å endre på ein av ingrediensane.

I Noreg, som i mange andre land, har vi hatt ei utvikling der utdanninga er blitt skilt frå klinikken og underlagt Lov om Universitet og Høgskolar. Dette har mellom anna ført til endra krav til lærarkompetanse, krav til forskingsbasert undervising og ei samordning av sjukepleiarutdanninga med dei andre profesjonsutdanningane i helse- og sosialfaga. Frå 1987 – 2000 hadde sjukepleiarutdanninga ein rammeplan som var profesjonsretta og inviterte til

integrasjon av ulike kunnskapsformer. Frå 2000 fekk vi ein disiplinbasert rammeplan der faga fekk ein sterkare posisjon. Dei seinare åra har rammeplanen for utdanninga blitt avkorta og standardiserte i samsvar med internasjonale retningslinjer som til dømes kvalifikasjonsrammeverket. Det er mykje truleg at denne tenkinga også har påverka utforminga av fagplanane ved dei ulike høgskulane. Fagplanar der ein kategoriserer og splittar innhaldet i ulike fag, teori og praksis med eigne studiepoeng, kan lett gi studentane ei kjensle av ei fragmentert utdanning.

Omfattande reformer dei siste tiåra har prega helse- og utdanningssystemet. Eit interessant spørsmål er: korleis påverkar desse reformene sjukepleiarutdanninga? Korleis møter sjukepleiarutdanninga til dømes krava om at fagplanane skal utformast i samsvar med kvalifikasjonsrammeverket? Mål skal omformast til læringsutbytte som helst skal vere målbare. Dette minner om mål- middel pedagogikken som dominerte skulen på 1960- og 70 talet. Og vi hugsar også kritikken mot mål – middeltenkinga. Den vart skulda for å stå for eit forenkla syn på læring. Kravet om at læringsutbytta skal vere målbare, kan også medføre at viktige kunnskapsformer ikkje får nok vekt.

Sjukepleiar og professor Kristin Heggen oppfordrar i *Sykepleien* nr 4 2011 til pedagogisk engasjement for å tilpasse sjukepleiarutdanninga til framtida. Men denne tilpassinga krev også fagpersonar med høg didaktisk kompetanse og forståing av korleis både den historiske konteksten og helse- og utdanningspolitiske reformer gir premisser for kvalifiseringa til sjukepleie. Det er behov for lærarar som er opptekne av utdanning som dannelsingsprosessar til livslang læring. Kvalitet i sjukepleie er avhengig av yrkesutøvarar som er i stand til å utøve fagleg skjønn i eit helse- og utdanningssystem som blir stadig meir standardisert med lite rom for variasjon. Difor er det viktig at fagpersonalet kan sjå det pedagogiske handlingsrommet som er til stades i rammeplanar for å skape meningsfylte samanhengar både i utvikling av fagplanar og implementeringa av dei - meningsfylte samanhengar som stimulerer dannelsingsprosessar som gjer studentane rusta til å møte reformer og standardisering både med eit historisk og kritisk blick.

Marit Kvangarsnes
Fagredaktør